



Arkivnr: 2014/11266-20

Saksbehandlar: Snorre Waage

**Saksframlegg****Saksgang**

| Utval        | Saknr. | Møtedato   |
|--------------|--------|------------|
| Valnemnda    |        | 13.12.2016 |
| Fylkestinget |        | 13.12.2016 |

**Regional plan for Hardangervidda - val av nytt medlem og varamedlem til Hardangerviddarådet****Samandrag**

Regional plan for Hardangervidda er utarbeidd med utgangspunkt i bestillingsbrev frå Miljøverndepartementet 12. april 2007. Planen vart sluttbehandla med like vedtak i Hordaland, Buskerud og Telemark fylkeskommunar hausten 2011.

For å setje i verk intensjonane i planen vart eit oppfølgjande felles handlingsprogram vedteke i dei tre fylka våren 2013.

Det er vedtatt i handlingsprogrammet at Hardangerviddarådet skal vere eit politisk organ, som «skal bestå av ordførar frå alle Hardangervidda-kommunane og to fylkespolitikarar frå kvart fylke». Etter valet hausten 2015 er deler av Rådet skifta ut. Hordaland fylkeskommune har per i dag eitt medlem, med ein vararepresentant. Det er frå Rådets side ønskjeleg med to faste medlemmer frå kvar fylkeskommune, slik det er skissert i handlingsprogrammet. Det vart difor i samband med Hardangerviddarådet sitt årlege møte, 21.10.2016, bedt om at Hordaland fylkeskommune oppnemnar eitt nytt medlem, med ein vararepresentant, på lik linje som Buskerud og Telemark fylkeskommunar.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget i Hordaland oppnemnar med dette eit nytt medlem og varamedlem til Hardangerviddarådet. Hordaland fylkeskommune oppnemnar
  - a) XX som medlem
  - b) XX som varamedlem

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

### **Fylkesrådmannen, 08.11.2016**

Regional plan for Hardangervidda er utarbeid med utgangspunkt i bestillingsbrev frå Miljøverndepartementet 12. april 2007. Planen vart sluttbehandla med like vedtak i Hordaland, Buskerud og Telemark fylkeskommunar hausten 2011. Planen vart etter dette, i medhald til Plan- og bygningslovens §8-4, sendt Miljøverndepartementet. Departementet melde i brev datert 16.07.2012 at dei har tatt planen til orientering.

Den regionale planen for Hardangervidda innehold eit handlingsprogram med ein rekke prosjekt som skal sikre gjennomføring av intensjonane i planen. Prosjekt 1 i handlingsprogrammet for Regional plan for Hardangervidda er opprettning av eit Hardangerviddaråd. Arbeidet med utarbeiding av den regionale planen gjorde det tydeleg med viktigheten av ein felles arena der lokal og regional offentlig forvaltning kan drøfte oppgåver og felles utfordringar knytt til mellom anna arealforvaltning, næringsutvikling, motorferdsel og løypekøyring.

Med bakgrunn i dette vart det i regional plan for Hardangervidda foreslått å etablere eit Hardangerviddaråd, med følgjande skisserte oppgåver;

1. Følge opp Regional plan for Hardangervidda. M.a.:

- være styringsgruppe for rullering av arealdelen
- årleg behandling av handlingsprogram
- oppfølging av prosjekter (omtalt i handlingsprogrammet)

2. Erfaringsutveksling om

- praktisk oppfølging av regional plan på kommunalt nivå
- andre kommunale forvaltningsoppgåver på Hardangervidda med sikte på mest mulig lik praksis
- anna om Hardangervidda som medlemmene ønsker å drøfte

3. Dialog med eksterne aktørar. Viktige tema er:

- forbetra vegnettet over Hardangervidda (Rv 7 og E134) både med omsyn til framkome og villreinens trekkmoglegheiter.
- tale fjellandbrukets sak overfor sentrale mynde med sikte på å styrke forståelsen for dets spesielle utfordringar og arbeide for å få etablert særskilte rammevilkår og verkemiddel for dette landbruket.

Det vart vedtatt i handlingsprogrammet at Hardangerviddarådet skal vere eit politisk organ, som skal bestå av ordførar (eller ein annan sentral politikar) frå alle Hardangervidda-kommunane og to fylkespolitikarar frå kvart fylke. I tillegg vart alle tre fylkesmenn og leiar av villreinnemda anmoda om å bli medlemmer av Rådet.

Hordaland fylkeskommune oppnemnde to medlemmer til Hardangerviddarådet i forkant av konstituerande møte på Skinnarbu i Telemark, 11. oktober 2013. Det har blitt gjennomført årlege Hardangerviddarådsmøte i 2013-2016.

Etter valet hausten 2015 er deler av Rådet skifta ut. Hordaland fylkeskommune har per i dag eitt medlem (Linda Haugland Jondahl, Ap), med ein vararepresentant (Einar Lutro, H). Det er frå Rådets side ønskjeleg med to faste medlemmer frå kvar fylkeskommune, slik det er skissert i handlingsprogrammet. Det vart difor samband med Hardangerviddarådet sitt årlege møte, 21.10.2016, bedt om at Hordaland fylkeskommune oppnemnar eitt nytt medlem, med ein vararepresentant, på lik linje som Buskerud og Telemark fylkeskommunar.

Fylkesrådmannen ber difor om at Fylkestinget oppnemnar til Hardangerviddarådet:

- a) XX som medlem
- b) XX som varamedlem